



Plan for kultur, frivillighet og inkludering i Sunnfjord kommune

Saman blir vi drivande gode



Sunnfjord  
kommune



# Innhald

Samandrag og prioriteringar 2024–2030 .....5

Viktige omgrep brukt i planen .....6



|                                                                    |    |
|--------------------------------------------------------------------|----|
| Handlingsplan kultur, frivilligheit og inkludering 2024–2030 ..... | 7  |
| Gode kvardagsliv .....                                             | 12 |
| Attraktive stadar og gode nærmiljø .....                           | 12 |
| Inkluderande kommune .....                                         | 14 |
| Kikhol inn i framtida .....                                        | 14 |
| Kultur og integrering .....                                        | 15 |
| Kultur for alle .....                                              | 16 |
| Saman om frivillig innsats .....                                   | 20 |
| Kultur – idrett og nærmiljøråd .....                               | 21 |
| Kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet .....                          | 23 |
| Kommunale kulturinstitusjonar.....                                 | 23 |
| Sunnfjord bibliotek.....                                           | 26 |
| Rom for ord, reisande litteraturhus .....                          | 28 |
| Idrett og friluftsliv .....                                        | 28 |
| Kulturminne og kulturmiljø .....                                   | 31 |
| Andre større kulturinstitusjonar i Sunnfjord kommune .....         | 34 |
| Sunnfjord Museum .....                                             | 36 |
| Sogn og Fjordane kunstmuseum.....                                  | 36 |
| Astruptunet .....                                                  | 36 |
| Eikaasgalleriet .....                                              | 36 |
| Luftkampmuséet.....                                                | 36 |

|                                                                  |    |
|------------------------------------------------------------------|----|
| Kyrkjene i Sunnfjord .....                                       | 36 |
| Kunstnarmiljøet i Sunnfjord .....                                | 37 |
| Andre arenaer og kulturaktørar .....                             | 38 |
| Viktige anlegg innan idrett og friluftsliv .....                 | 39 |
| .....                                                            | 40 |
| Forankring nasjonalt, regionalt og lokalt .....                  | 41 |
| Nasjonalt utgangspunkt : .....                                   | 41 |
| Regionalt utgangspunkt: .....                                    | 41 |
| Lokalt utgangspunkt: .....                                       | 41 |
| Planarbeid .....                                                 | 41 |
| Planprosess .....                                                | 42 |
| Plangrunnlag.....                                                | 42 |
| Nokre viktige lover som er styrande for fagfelte i planen: ..... | 42 |
| Økonomiske rammer og KOSTRA .....                                | 43 |
| Kjelder .....                                                    | 44 |
| Illustrasjonar .....                                             | 44 |
| Foto .....                                                       | 44 |

## Samandrag og prioriteringar 2024–2030


Plan for kultur, frivilligheit og inkludering er ein overordna temaplan for Sunnfjord kommune. Den er eit styringsdokument der vi løftar blikket og bygger på ambisjonane til kommuneplanen sin samfunnsdel. Denne planen set fokus på kultur og idrett, frivilligheit og inkludering i Sunnfjord kommune. Kulturlivet skal ha mangfald, og det skal vere sterkt og uavhengig. Kultur utvidar forståinga av oss sjølve og samfunnet vi lever i. Eit mangfaldig kulturliv er ei skapande kraft som legg til rette for gode møteplassar, og bidreg til demokrati, deltaking og medverknad.

Frivillig sektor fyller viktige roller både for samfunnet og for enkeltmenneske og kan vere pådrivar for inkludering. Planen skal danne grunnlag for årlege vurderingar og prioriteringar.

Plan for kultur, frivilligheit og inkludering handlar om Sunnfjord kommune sine visjonar, mål og innsatsområde fram mot 2030. Planen skal vere retningsgjevande og grunnlaget for handlings- og økonomiplanarbeidet i kommunen. Sjølve plandokumentet er bygd opp med tema som inneheld forslag til tiltak som gjeld både drift og investeringar. I vedlegg til planen er det ein eigen del for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og plan for friluftslivet sine ferdselsårer i Sunnfjord kommune

Kulturlova (2007) seier at alle skal kunne delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Vi nyttar det utvida kulturomgrepet i planen. Kultur spelar ei stor rolle for utviklinga av kommunen. Eit breitt kulturliv er viktig for god samfunnsutvikling.

Det oppnår vi best gjennom variasjonar av tiltak. Plan for kultur, frivilligheit og inkludering rettar seg mot miljøvenleg berekraft, sosial berekraft og økonomisk berekraft. Kultur grip inn i alle dimensjonane for berekraft, og er viktig for å skape ei berekraftig utvikling. Sosial berekraft handlar om deltaking og fellesskap. Kulturaktivitetar, kulturuttrykk og kulturarv har innverknad på identitet, tilhøyrse, helse og livskvalitet.



## Viktige omgrep brukt i planen

**Kultur:** Planen nyttar eit utvida kulturomgrep. Kultur vert brukt som fellesnemning for idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kunst, allmenn kultur, kulturformidling, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, den kulturelle grunnmuren, organisasjonslivet, kulturskulane, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kulturelle verksemder, og kreativ næring. Kulturlivet skal vere mangfaldig, sterkt og uavhengig. Kultur utvidar forståinga vår av oss sjølve og samfunnet vi lever i. Idrett og fysisk aktivitet har stor eigenverdi, topp- og breiddeidretten skal utfylle kvarandre.

**Frivilligheit:** Frivilligheit skal vere eit supplement til dei lovpålagde tenestene. Frivilligheit er mangfaldig, skal blomstre på eigne premissar og bidreg til meiningsskapande fellesskap. Gjennom

frivilligheit får vi engasjement, gode lokalsamfunn, tenester og tilbod til innbyggjarane.

**Inkludering:** I Sunnfjord kommune skal det vere rom for alle. Det skal vere godt for alle å bu her uavhengig av kjønn, religion, legning og opphavsstad. Alle skal kjenne seg inkludert som del av eit fellesskap.

**Regionsenter:** Sunnfjord kommune er eit regionsenter for kultur, med nasjonale, regionale og lokale aktørar som er attraktivt for eigne innbyggjarar og tilreisande.




# Handlingsplan kultur, frivillighet og inkludering 2024–2030

I handlingsplan for kultur, frivillighet og inkludering har Sunnfjord kommune valt seks særleg prioriterte tiltak i planperioden, som vist i tabellen under. Tiltak som har økonomiske konsekvensar, må handsamast politisk.

| Særleg prioriterte tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Frå kommuneplanen sin samfunnsdel                                                                                                                                                 |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>1. Nytt symjeanlegg og utvikling av Førdehuset</b><br><br>Utvikle Førdehuset sin funksjon som regional storstove.<br><br>Førdehuset må vere eit funksjonelt og moderne kultur -og idrettshus med fleksibel bruk, med rom for mange brukargrupper og aktivitetar.<br><br>Førdehuset treng oppgradering. | <ul style="list-style-type: none"><li>• Bygge nytt symjeanlegg</li><li>• Flytte ungdomsklubben på Løa til Førdehuset</li><li>• Oppgradere sentralhall med inngangsparti, kiosk og kafé og utstillingsstad</li><li>• Etablere folkeverkstad</li><li>• Nytte vedteken strategiplan for Førdehuset som grunnlag for utvikling</li></ul>                                                                                                                                                                                        | <ul style="list-style-type: none"><li>• Lågterskel møteplassar som inkluderer alle</li><li>• Inkluderande kommune</li><li>• Sunnfjord kommune som kulturelt tyngdepunkt</li></ul> |
| <b>2. Førebyggjande arbeid</b><br><br>Utnytte betre potensialet som er i det mangfaldige kulturfeltet i folkehelsearbeid for å få gode kvardagsliv og motverke utanforskap og einsemd.                                                                                                                    | <ul style="list-style-type: none"><li>• Samarbeide målretta om helsefremjande aktivitetar og førebyggjande arbeid</li><li>• Etablere tverrfagleg samarbeid for å styrke medverknad, samskaping og innovasjon</li><li>• Legge betre til rette slik at målgruppene kan medverke, få eigarskap til tilbod og aktivitetar som er tilgjengelege eller skal utviklast</li><li>• Samarbeide om utvikling av ulike typar stiar, turvegar og rekreasjonsområde.</li><li>• Etablere ungdomsklubbar der det er ungdomsskular</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Gode kvardagsliv</li><li>• Inkluderande kommune</li><li>• Lågterskel møteplassar som inkluderer alle</li></ul>                            |

| Særleg prioriterte tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Frå kommuneplanen sin samfunnsdel                                                                                                                                                                                                              |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><b>3. Gode arenaer tilpassa ulike aktivitetar og målgrupper</b></p> <p>Tilgjengelege møteplassar og aktivitetstilbod skal utviklast for å møte innbyggjarane sine interesser og behov.</p> <p>Vi treng å betre tilgangen til møteplassar for sosial og fysisk aktivitet. Målet er å motverke passivitet og tilbaketrekking ved å danne grunnlag for meistring og nettverksbygging i lokalmiljøet.</p>       | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skaffe oversikt over tilgjengelege bygg og anlegg, øvingslokale med meir</li> <li>• Utarbeide system og reglar for utleige, ansvar og drift</li> <li>• Utvide bruk av Aktiv-kommune som digital flate</li> <li>• Legge til rette for auka og ny bruk av hallar, kommunale hus, skulebygg, bibliotek, kulturskular med meir</li> <li>• Støtter opp om arenaer for kultur – og fritidsaktivitetar som er eigd av frivillige organisasjonar</li> <li>• Jobbe for universell tilrettelegging av fritidsarenaene</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sunnfjord som kulturelt tyngdepunkt og lågterskel aktivitetstilbod og møteplassar for alle</li> </ul>                                                                                                 |
| <p><b>4. Kulturelt tyngdepunkt</b></p> <p>Kommunen har ei avgjerande rolle som kulturell motor for regionen, fylket og Vestlandet. Dette blir enno viktigare i framtida, og set nye krav til Sunnfjord kommune som vertskap. Velvilje er viktig i starten av ulike prosjekt. Ei satsing på kultur- og næringsprosjekt vil vere med på å utvikle regionen, og auke bidrag og engasjement frå ulike aktørar.</p> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samskape med næringsliv, profesjonelle og frivillige aktørar</li> <li>• Bidra til større idretts- og kulturarrangement og utvikle generell kompetanse på arrangement</li> <li>• Bidra til eit ope, fleksibelt og inkluderande samarbeid</li> <li>• Ha tett partnerskap med kommunar, fylke og staten</li> <li>• Vere pådrivar for regionale kulturtilbod</li> </ul>                                                                                                                                                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi er ein aktiv vertskommune for større regionale, nasjonale og internasjonale kultur- og idrettsarrangement</li> <li>• Vidareutvikle posisjonen som kulturelt regionsenter og tyngdepunkt</li> </ul> |

| Særleg prioriterte tiltak                                                                                                                                                                                                    | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Frå kommuneplanen sin samfunnsdel                                                                                                                                                                                                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><b>5. Frivilligpolitisk plattform</b></p> <p>Tiltaket skal bidra til at det vert enklare å vere frivillig. Vi gjev større rom for frivilligheita i Sunnfjord kommune. Det frivillige feltet må få best mogleg vilkår.</p> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide og vedta frivilligheitspolitisk plattform i samarbeid med frivilligheita</li> <li>• Utvikle samarbeid og etablere avtaler mellom kommune og frivilligheit for å auka aktivitet og gje gode opplevingar</li> <li>• Kommunen legger til rette for at frivilligheita kan vekse og utvikle seg, støtte opp om gode initiativ og invitere til samarbeid og samskaping</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal auke den frivillige innsatsen</li> <li>• Vi skapar gode vilkår både for frivilligheit og profesjonelle utøvarar og institusjonar</li> </ul>                                      |
| <p><b>6. Kulturmiljøarbeid i Sunnfjord kommune</b></p> <p>Auke kunnskapen og identitetskjensla om kulturminneverdiane blant innbyggjarane. Ta vare på, sikre og synleggjere viktige kulturminne og kulturmiljø.</p>          | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementere kulturmiljøplanen Landet mellom elvane 2023–2030</li> <li>• Oppfølging av gjeldande kulturmiljøplan med eit registreringsarbeid knytt til kulturmiljø og kulturminne</li> <li>• Styrke kulturminnevernet ved auka kunnskap og kompetanse</li> </ul>                                                                                                                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktige friluftsområde og kulturminneverdiar bør takast omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker</li> <li>• Ta vare på naturen og sikre naturmangfaldet og kulturlandskapet</li> </ul> |



Kultur formar oss som menneske og samfunnet vi er ein del av.

I Sunnfjord kommune skal vi legge til rette for å **skape gode kvardagsliv** og kommunen skal vere attraktiv for deg som innbyggjar, for besøkande og tilflyttarar, og for næringsetablering.

Eit sterkt og mangfaldig kulturliv har ei skapande kraft gjennom å legge til rette for **gode møteplassar**, og til å bidra til demokrati, deltaking og medverknad der vi bur. Vi skal gje rom for frivillige og profesjonelle utøvarar og institusjonar.

Kultur, frivilligheit og inkludering er viktige faktorar for folkehelsa og førebyggjande arbeid. Dei vil **styrke livskvalitet og helse** i samfunnet vårt.



## Gode kvardagsliv

Sunnfjord kommune ønskjer at plan for kultur, frivilligheit og inkludering skal bli opplevd som relevant og aktuell for alle.

Kultur er ytringar med samfunnsbyggande kraft, og kulturpolitikken skal bygge på ytringsfridom og toleranse. Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivilligheit som grunnlag.

Eit rikt og variert kulturliv er ein av føresetnadene for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Når det offentlege rommet blir stadig meir oppdelt, kan kunst og kultur både danne, forme og styrkje fellesskap og samfunnsstrukturen rundt oss.

Innvandring er ei kjelde til nye impulsar og kulturutveksling. Variasjon medverkar til nytenking, innovasjon og kreativitet. Ein offensiv og målretta kulturpolitikk vil vere eit effektivt verktøy for å fremje ei positiv utvikling i samfunnet.

## Attraktive stadar og gode nærmiljø

Samfunnsplanen seier at Sunnfjord kommune skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø og trygge og aktive innbyggjarar. Det skal vere attraktive stadar og gode nærmiljø.

Ungdom seier dei er tilfreds med sine lokalmiljø, men manglar uformelle møteplassar og tilpassa skyssordningar (Ungdata2021). Dette kjem òg fram i innspel frå ungdomsrådet, men eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har òg gitt innspel om den same utfordringa. Vi treng fleire universelt utforma lokale og


lågterskel møteplassar for både eldre og unge i alle delar av kommunen. Potensialet ligg mellom anna i lokale som står tomme om kveldane og i helgene.

Vidare viser Oppvekstprofilen 2023 og Folkehelseprofilen 2023 at Sunnfjord kommune ligg signifikant betre an enn landssnittet når det gjeld helsetilstanden til innbyggjarane. Det er svært gledeleg og eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Dei fleste born og unge er nøgde med både seg sjølv, foreldre og omgjevnadane. Undersøkingane syner at negative nasjonale trendar òg gjer seg gjeldande i Sunnfjord kommune, og vi må rette innsatsen mot enkeltindivid og grupper som har utfordringar.

I det førebyggjande arbeidet må vi styrke dei førebyggjande faktorane og redusere risikofaktorane, både på universelt nivå og på gruppe- og individnivå. I planarbeid og tenesteutvikling med fokus på førebygging, kvalitet og forbetring må det sentrale vere å sjå på kva faktorar i kommunen som medverkar til positive trendar og gode og trygge oppvekstvilkår.

| Risikofaktorar                                                                                                                                                      | Førebyggjande faktorar                                                                                                                                                                                 |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Utanforskap</li><li>• Psykisk uhelse</li><li>• Fedme/overvekt/inaktivitet</li><li>• Opplevd dårleg familieøkonomi</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Organiserte og uorganiserte lågterskel fritidsaktivitetar</li><li>• Trivsel på skule, på fritid og i nærmiljø</li><li>• Fornøgd med familieøkonomien</li></ul> |



Lykke er plutselig å kjenne at  
ein er berørt av ein felles rytme.  
Alt som er, og alt som ikkje er.  
I same augneblink.

**Eldrid Lunden, 2005**

## Inkluderande kommune

Sunnfjord kommune skal vere ein inkluderande kommune og bidra til gode liv for innbyggjarane. Vi skal ha kvardagsaktivitetar for alle og vi skal ha lågterskeltilbod lett tilgjengeleg. Det handlar om å skape arenaer der alle har moglegheiter til å delta, bidra og utføre plikter i samfunnet.

Alle inkludert er ein handlingsplan frå regjeringa. Den skal legge til rette for like moglegheiter til å delta i kultur-, idretts-, og friluftslivsaktivitetar. Alle born har rett til å delta i desse aktivitetane i følgje FN sin barnekonvensjon og norsk lov. Sjølv om dei aller fleste born og unge er innom organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten, fell nokon utanfor. Faktorar som kjønn, føresette sin økonomiske situasjon og sosioøkonomisk status, innvandrarakgrunn, funksjonsnedsetting og geografi har innverknad på dette.

Vi ønskjer å fremje utdanning og arbeid, skape økonomiske moglegheiter og implementere mangfald gjennom inkludering. Eit sosialt berekraftig samfunn er prega av tillit, tryggleik, tilhøyrse og tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø.

I regionplanen for kultur 2023–2035 for Vestland fylkeskommune er inkludering spesifisert som ei viktig satsing på alle område. Vi skal vere eit inkluderande og mangfaldig samfunn. Menneske i alle aldersgrupper skal takast vare på uavhengig av funksjonsevne, etnisitet, minoritetstilknyting eller at ein kjenner på utanforskap.

Det er viktig å ha eit gjennomgåande mangfoldsperspektiv slik at vi tek vare på, utviklar, inkluderer og bidreg til gode kvardagsliv.

Gjennom kunst, kultur, aktivitetar og idrettstilbod kan vi bidra til betre livskvalitet, auka deltaking og vere med på å bringe og binde mennesket saman. Det kan vere med på å bryte ned barrierar. Slik vil vi ha det i Sunnfjord kommune! Vi vil ha yrande liv og fellesskap som er med på å skape gode, inkluderande lokalsamfunn, ei opa dør til rom der vi som menneske kan møtast, le og skape saman.

Kultur er grunnlaget for liva våre og gjev oss moglegheita til å forstå kvardagen vår og å bidra til nye opplevingar. Vi har eit mangfald av aktivitetar i kommunen gjennom idrettslag, frivillige organisasjonar, næringsliv og andre. For mange er dette ein viktig del av livet.

Det gir samhald og fellesskap, kreativitet, meistring, meining og glede i kvardagen.

Sunnfjord kommune ser til [Strategi for kulturfrivilligheit – rom for deltaking 2023-2025](#), regjeringa si satsing på auka frivillig innsats. Strategien skal legge til rette for samspel mellom profesjonelt og frivillig kulturarbeid, og den skal vere med på å nå målet om brei deltaking og tilgang til møteplassar og kulturarenaer.

## Kikhol inn i framtida

I Kulturminnelova heiter det at «Kulturminne og kulturlandskap skal registrerast, sikrast og forvaltast på ein forsvarleg og framtidsretta måte». Sunnfjord kommune husar mange særmerkte kulturminne med stor verdi. Kulturminna våre er viktige kunnskapsberarar som er med på å fortelje oss historia vår. Dei kan òg vere identitetsberarar

som fortel oss kven vi er og kvar vi kjem frå, og er med på å gi oss identitet og rotfeste. Dei viser historiske utviklingstrekk, og kan fungere som eit kikhol inn i fortida.

Fortidas kulturminne er med oss i notida og gir oss grunnlaget til å skape framtidens samfunn. Det er derfor viktig å gjere dei kjende og tilgjengelege for folk.



Lokalt jubileumsemlen laga i samband med 750-årsmarkeringa av Magnus Lagabøte si Landslov av 1274. Bokstavane A H står for Audun Hugleiksson, lovskrivaren frå Ålhus i Jølster i Sunnfjord kommune.

## Kultur og integrering

Eit overordna mål i integreringspolitikken i Noreg er at fleire nykomne skal få formelle kvalifikasjonar og utdanning slik at dei kjem raskare i arbeid, og vert integrerte i det norske samfunnet.

Sunnfjord kommune sin strategi for integreringsarbeidet skal baserast på kunnskap, kompetanse og kvalifisering.

Kommunen fekk Klarspråkprisen for kommunar og fylkeskommunar i 2022 og har forankra dette arbeidet godt gjennom heile organisasjonen. Informasjon og tenester skal ha eit mangfaldsperspektiv. Det er viktig å tilpasse informasjonen til dei ulike målgruppene i kommunen.

Det skal leggjast stor vekt på at flyktningane får tilpassa og målretta opplæring og utdanning som kvalifiserer til varig tilknytning til arbeidslivet. Arbeidsplassen vil vere ein viktig arena for inkludering. Det skal skapast økonomiske moglegheiter gjennom støtte til bedrifter, entreprenørskap og tilgjengelege jobbmoglegheiter uavhengig av bakgrunn.

Det er viktig at innvandrarane får god informasjon om arbeidslivet, tenester for born og unge, helsetenester, kulturtilbod, lovverk og norske normer. Det norske samfunnet treng òg kunnskap om flyktningane og deira kultur. Dialog og samhandling er ein føresetnad for å oppnå kulturell forståing, og sikring av innvandrarane si oppleving av å høyre til.

Kulturskilnader kan vere utfordrande både for den einskilde og for samfunnet. Kunnskap om eigen befolkning er viktig for tilpassa

informasjon og likeverdige tenester i kommunen. Det må etablerast gode møteplassar der det vert lagt til rette for å bygge nettverk og etablere kontakt på tvers av etnisitet. Dette kan gjerast ved å etablere fleispråklege tenester, lågterskel møteplassar og ved tilrettelegging for ulike religiøse og kulturelle arrangement.

Flyktningane må få høve til å delta på aktivitetar som bidreg til gode kvardagsliv. Kommunen bør legge til rette for samarbeidsforum eller nettverk med andre offentlege aktørar, frivillige organisasjonar og ressurspersonar med innvandrarbakgrunn.

Rapporten frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) om frivillige organisasjonar og integrering frå 2022 slår fast at mange organisasjonar har behov for meir samarbeid med det offentlege for å styrke integreringsarbeidet. Gjennom tilskotsordningar til frivillige organisasjonar kan kommunen tilby lokale, utstyr, transport og kompetanseheving som kan gje gode rammevilkår for samarbeid.

For å lukkast med inkludering av flyktningar i kvardagen, må dei finne seg til rette både på skulen, på arbeidsplassen og på fritida. For born og unge kan det vere utfordrande å finne plassen sin i ein ungdomskultur som kan vere ulik familien sine normer, tradisjonar og forventningar. Det er viktig å sørge for gode måtar å nå ut med informasjon til personar med innvandrarbakgrunn. Frivillige organisasjonar er viktige i inkluderingsarbeid, og vi må finne løysingar for å rekruttere og behalde personar med innvandrarbakgrunn i desse organisasjonane.

| Dette gjer vi                      | Slik gjer vi det:                                                                                                                                                                                                                        |
|------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Aktiv formidling om migrasjon      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Auke kunnskap om migrasjon i kommuneorganisasjonen gjennom vidareutdanning og tverrfaglege fagdagar</li> <li>• Auke kunnskap om migrasjon i samfunnet</li> </ul>                                |
| Aktiv rekruttering                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekruttere frivillige med innvandrarbakgrunn i lag og organisasjonar</li> <li>• Rekruttere medarbeidarar med innvandrarbakgrunn</li> </ul>                                                      |
| Effektiv og målretta kommunikasjon | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke Klarspråk tilpassa målgruppene</li> <li>• Målgruppene skal kunne finne informasjon, forstå den og bruke den. Som til dømes visuell framstilling, lydfiler, video, animasjonar.</li> </ul> |

## Kultur for alle

Tal frå [ssb.no 2023](https://ssb.no) viser at born og unge er hyppige brukarar av kultur- og idrettstilbod i Noreg. Deltaking i idrett på fritida går ned dess eldre borna blir. Trenden er at etter fylte 15 år sluttar mange med organiserte aktivitetar, òg innan kunst, dans og musikk

(Kulturbarometeret 2021). Det er liten grunn til å tru at dette ha snudd.

Det er [kulturlova](#) som lovfestar at vi skal ha kulturverksemd i kommunane. Vidare står det i FNs barnekonvensjon, artikkel 31: «1. Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet. 2. Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter»

Sunnfjord kommune har samarbeid med lag og organisasjonar, Sunnfjord kulturråd, Sunnfjord idrettsråd og andre aktørar. Vi tilbyr mellom anna gratis kulturtilbod som familielaurdagar på Førdehuset og fri leige av utstyr til aktivitet gjennom BUA Sunnfjord. I tillegg har vi [fritidskort](#) og opplevingskort for born og unge i låginntektsfamiliar.

Studentane ved Høgskulen på Vestlandet får tilbod om kulturkortet Førdestudent som gjev redusert pris på kulturarrangement. Dette har eit samarbeid mellom Sunnfjord kommune, Sparebankstiftinga og høgskulen.

Kommunen tilbyr gratis lokale og service til kulturaktivitetar for eldre. Døme på det er Senioruniversitetet, seniornett og seniorsurf. Vi har òg eit desentralisert bibliotektilbod i heile kommunen med seks bibliotek og digitale bibliotektenester der alle tilboda og arrangement er gratis.

Kvart år vert det søkt om tilskotsmidlar og mange arrangement er basert på desse. Mellom anna gjennom ordningar som Den kulturelle

spaserstokken og Den kulturelle skulesekken. Begge ordningane gjer det mogleg å tilby gratis og lågterskel kulturopplevingar.

### **Ungdomsklubbar og aktivitetar for ungdom**

Sunnfjord kommune tilbyr fleire tilbod for ungdom som kostar lite eller er gratis. Det er etablert ungdomsklubb i Førde sentrum (Skrivarløa) og i Naustdal. Kommunen organiserer Dans utan grenser (DUG) i Førde, og samarbeider med foreldre om eit tilbod på Skei. Det er eit mål å etablere kommunale ungdomsklubbar alle stadar der det er ungdomsskular. I dag er det organisert privat ungdomsklubb på Viksdalen. Kommunen arrangerer lokalmønstring for Ung Kultur Møtest (UKM) årleg i samarbeid med skular, lag og organisasjonar, og tilbyr aktivitetar til ungdom som kostar lite eller er gratis i feriane, som til dømes Grill'n chill.

Kommunen har samarbeid på tvers, mellom anna gjennom Samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet ([SLT](#)). Det er viktig for å få til aktivitetar for ungdom som er gratis eller kostar lite. Vidare er samarbeid med Sunnfjord ungdomsråd viktig for å få fram stemma til ungdomen når det gjeld ønske om aktivitet og innspel til planarbeid i kommunen.

Vi har pc-ar for gaming i dei kommunale ungdomsklubbane i Skrivarløa og i Naustdal. Dei er gratis og lett tilgjengelege å bruke. Sande bibliotek har eige spelerom og deltek i Bibliogames. Det finst i tillegg e-sport-tilbod drive av organisasjonar (KFUK-KFUM) og e-sport-linje på Sunnfjord folkehøgskule.

| Dette gjer vi                                                                          | Slik gjer vi det                                                                                                                                                |
|----------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Utvikle lågterskel møteplassar/tilbod til ungdom.                                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere ungdomsklubbar alle stader der det er ungdomsskular</li> </ul>                                                  |
| Utvikle tilbod innan gaming.                                                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikle tilbod om gaming ved ungdomshuben i Førdehuset og utvide tilbodet til alle ungdomsklubbar i perioden.</li> </ul> |
| Etablere ungdomshub på Førdehuset og gratis ferieaktivitet for ungdom (Grill n`chill). | <ul style="list-style-type: none"> <li>Ta i bruk ledige kommunale lokale til fritidsaktivitetar i regi av frivillige lag og organisasjonar</li> </ul>           |





## Saman om frivillig innsats

Den frivillige innsatsen er avgjerande for å skape gode lokalsamfunn. Tusenvis av engasjerte innbyggjarar deltek kvar dag i foreiningsliv og aktivitetar som skapar glede, samhald og fellesskap. Den innsatsen vi gjer for andre er særleg verdifull. Frivillig innsats for andre og for fellesskapet styrkar banda mellom oss og skapar eit varmare og meir inkluderande samfunn. Frivillig sektor har spelt ei avgjerande rolle i utviklinga av velferdssamfunnet vårt. Frivilligheit er nøkkelen til å skape aktivitet. Vi må arbeide for ein heilskapleg frivilligpolitikk for å sikre vekst og utvikling i kommunen.

Frivilligheita skapar rausare menneske og skapar møte mellom menneske. Den gir sosialt samhald, møteplassar på tvers av kulturar og gir meirverdi for den frivillige. Frivilligheit styrkar mangfald og inkludering, bringer folk saman i dugnadsinnsats, gir kompetanse, skaper nettverk og styrkar folkehelsa.

Den demografiske utviklinga med fleire eldre gjer at dei kommunale tenestene må spele på lag med lokalsamfunnet, frivillige organisasjonar og andre, slik at desse til saman kan gje gode tenester og tilbod i kommunen. Tilbod i regi av frivillige skal vere eit tillegg til og ikkje ei erstatning for ordinære kommunale tenester.

Det er eit rikt frivillig liv i Sunnfjord kommune med nærare 350 lag og organisasjonar. I 2023 var 180 av desse registrerte i Frivilligregisteret. Desse gjer tilbod til folk i alle aldrar i eit mangfald av idretts- og kulturaktivitetar. Sunnfjord kommune er eigar av frivilligsentralar i Gaular, Naustdal og Førde. Dei tek initiativ til lokale møteplassar, dei skal stimulere til frivillig innsats og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor [Regjering.no](https://www.regjering.no).

| Dette gjer vi                                                         | Slik gjer vi det                                                                                                                                             |
|-----------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Utvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor.              | <ul style="list-style-type: none"><li>• Utarbeide frivillig politisk plattform</li><li>• Utvikle samarbeidsavtalar mellom kommune og frivilligheit</li></ul> |
| Gjere det attraktivt å bidra som frivillig i dei kommunale tenestene. | <ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikle rutiner for samarbeid med frivillig sektor i dei kommunale tenestene</li></ul>                               |
| Applaudere frivilligheita.                                            | <ul style="list-style-type: none"><li>• Dele ut eldsjelpreis og kulturpris årleg</li><li>• Lage til årleg fest for frivillige</li></ul>                      |

Eitt av måla i Vestland fylkeskommune sin [frivilligstrategi](#) er at *det skal vere enkelt å vere frivillig i Vestland*. Det målet skal vi arbeide for i Sunnfjord kommune òg.

## Kultur – idrett og nærmiljøråd

Sunnfjord Kulturråd er eit interesse-, samordnings- og samhandlingsorgan for kulturlivet i heile Sunnfjord kommune. Rådet er partipolitisk nøytralt og skal arbeide for alle aldersgrupper. Visjonen er å fremje ein sunnfjordkultur i vekst for alle. Vidare skal det:

- Synleggjere behov kulturlivet har for lokale, utstyr og generelle rammevilkår
- Vere Sunnfjord kommune sitt fagråd for kulturlivet, som skal bidra til at politisk og administrativt nivå har oppdatert informasjon om kulturlivet
- Vere høyringsinstans i politiske saker som gjeld kulturlivet
- Vere kursarrangør for kompetanseheving innan kulturlivet på tvers av sjanrar

Sunnfjord idrettsråd er eit fellesorgan for alle idrettslag i ein kommune. Idrettsrådet er organisert i Norges idrettsforbund (NIF) gjennom idrettskrinsen og skal vere eit fellesorgan for alle idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er fagrådet til kommunen, og skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og dei kommunale styresmaktene og mellom laga og idrettskretsen. Nokre av idrettsrådet sine oppgåver er å formidle idrettslaga sine anleggsbehov til kommunale styresmakter, og å vere med på å fordele tilskot lokalt.

Idretten må sjølv få prioritere, og det er idretten som ofte sjølv jobbar fram tilboda, arrangerer, driftar og utviklar. Her er Sunnfjord idrettsråd ein viktig aktør for samarbeid og samhandling på tvers av idrettsgreinene. Fysisk aktivitet gjev glede, meistringskjensle og fellesskap, ein viktig føresetnad for eit godt liv. I tillegg har det ein nytteverdi med positiv verknad på fysisk, sosial og mental helse. Kommunen må støtte, rettleie og aktivt hjelpe til med å løfte idrett og fysisk aktivitet, men det meste av arbeidet må utførast av frivillige i lag og organisasjonar.

Det er nærmiljøråd i tettstadane Skei, Vassenden, Naustdal, Viksdalen, Sande og Bygstad. [Nærmiljøråda](#) er ein del av Sunnfjord kommune si satsing på å løfte fram gode utviklingstiltak i dei ulike tettstadane i kommunen, der målet er å skape engasjement rundt stadutvikling og å skape attraktive bumiljø.

| Dette gjer vi                                                                                                                | Slik gjer vi det                                                                                   |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Utarbeide system for tildeling av driftsmidlar.                                                                              | Faste driftstilskot er utarbeidd for lag og organisasjon, på bakgrunn av rapportering om aktivitet |
| Idretts- og kulturrådet er aktive arenaer for samarbeid mellom lag, organisasjonar og Sunnfjord kommune.                     | Idretts- og kulturrådet får fast driftstilskot av kommunen<br><br>Kommunen er representert i møta  |
| Nærmiljøråda har ei sentral rolle i utviklinga av tettstadane, og er ein resurs for alle lag og organisasjonar i tettstaden. | Årleg møte med nærmiljøråda om utvikling av kommunen.                                              |



## Kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet

Sunnfjord kommune skal vere eit inkluderande kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet. Det utvida kulturomgrepet er fellesnemnar for kunst, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv og visuell kunst.

Vi har som mål å vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet og må ta eit ansvar for kunst- og kulturlivet i regionen gjennom økonomiske bidrag, tilrettelegging og samarbeid med andre kommunar, Vestland fylkeskommune og andre aktørar og kunstnarar.

## Kommunale kulturinstitusjonar

Sunnfjord har fleire kulturinstitusjonar, både eigne lokale, men òg nasjonale og internasjonale. Vi vil først skissere mål og strategiar for eigne organisasjonar. Deretter omtalar vi dei nasjonale og internasjonale og korleis vi ser føre oss vidare samarbeid.

Alle kunst er lek.

Når en kunstner slutter å leke,  
kan han ikke skape kunst

Kolbein Falkeid



## Førdehuset

Førdehuset er det første, og eitt av dei største, fleirbrukshusa i Noreg. Det blei bygd i 1976 og har vorte utvida i fleire steg. Huset rommar bibliotek, storsalen/fleirbrukssal for konsert, kino (i stor og liten kinosal), teatersal, festsal, tre idrettshallar og symjehall. I tillegg rommar Førdehuset aktivitetsrom for frivilliglivet, fleire møterom og kontor. Som kulturhus vert det drifta kino, profesjonelle produksjonar og tilrettelagde tilbod for lokale lag og organisasjonar. Huset er ope for publikum store delar av døgnet gjennom heile året, og det blir lagt til rette for kulturelle, kvalitative tenester gjennom einingane som har base der: Sunnfjord bibliotek, Sunnfjord kulturskule, idretts og friluftsliv, Kultur og ungdom og Friskliv- og frivilligsentral Sunnfjord.

Kino Førde er med kinotilbodet sitt eitt av dei uorganiserte kulturtilboda for ungdom og alle andre. Film og kino er mykje meir enn å tilby ein underhaldande film. Film er godt eigna som utgangspunkt for (vanskelege) samtalar/tema i til dømes skulesamanheng. I tillegg er det kvart år samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og lag og organisasjonar om til dømes Verdsdagen for psykisk helse.

Symjehallen vart tatt i bruk i 1976 som ein av dei mest moderne i si tid, med eige område for stuping integrert i symjebassenget. I tillegg inneheld hallen eit plaskebasseng for dei minste og to sett garderobar. Seinare er det sett inn sklie. Bassenget har høg bruk kvar dag for opplæring, trening og publikumsbading. Bassenget har eit stort behov for rehabilitering og det er kapasiteten er ei utfordring når det gjeld symjeundervisninga. Det er gjennomført eit forprosjekt for rehabilitering og nytt symjeanlegg.

Gjennom året er det mange aktivitetar og arrangement i Førdehuset, både gratistilbod og billetterte tilbod. Døme på gratistilbod er Sunnfjord bibliotek sine aktivitetar og arrangement, Familielaurdag, Bornas verdsdag, Jul i Førdehuset og 17.-maifeiringa. Døme på billetterte tilbod er føredrag, konsertar, Riksteatret sine framsyningar, danseframsyningar og show. Førdefestivalen har administrasjon og hovudarena her. Førdehuset er ein stor kulturarena for alle.

Idretten planlegg Førde arena i tilknytning til Førdehuset. Dette er ein vektløftararena, planlagt som ein fleiridrettshall som òg er eit anlegg for arrangementsidrett.

| Dette gjer vi                                                                                                                            | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Nytt symjeanlegg og utvikling av Førdehuset.                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Utvikle Førdehuset sin funksjon som regional storstove.                                                                                  | <ul style="list-style-type: none"><li>• Nytt symjeanlegg</li><li>• Ungdomsklubb</li><li>• Ombygging av kiosk og kafé i vrimleområdet</li><li>• Etablere folkeverkstad</li><li>• Nytte vedteken strategiplan som grunnlag for utvikling</li></ul> |
| Førdehuset må vere eit funksjonelt og moderne kultur - og idrettshus med fleksibel bruk, med rom for mange brukargrupper og aktivitetar. |                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Førdehuset treng oppgradering.                                                                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Utvikling av folkeverkstad i samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar og andre einingar i kommunen.                               | <ul style="list-style-type: none"><li>• Samarbeidsavtalar og gode system.</li></ul>                                                                                                                                                              |



Spåkone, Kolteikning, Sunniva Johannessen (18 år), elev kulturskolen 2024

## Sunnfjord kulturskule

Kulturskolen i Sunnfjord kommune har mål om å vere ein "kulturskule for alle". Sunnfjord kulturskule hadde i 2022/23 580 elevplassar og 215 på venteliste. Skulen har 17 årsverk fordelt på kompetente tilsette med spisskompetanse innan sine felt. Åtte av desse er distriktsmusikarar som har 50 % undervisning og er 50 % utøvande musikarar. Skulen tilbyr sal av dirigenttenester til fritidskulturlivet i kommunen, og er ein viktig samarbeidspart for frivilligheita. Den har samarbeid med omsorgssentera om konsertar, med seniorkoret om dirigent og er ein tenestetilbydar til profesjonelt kulturliv i heile regionen. Kulturskulen er initiativtakar til Kulturnatta som vert arrangert årleg ein fredag i juni.

Gjennom kulturskuleåret produserer kulturskulen eigne framsyningar, konsertar og utstillingar. I tett samarbeid med skule og barnehage er målet å skape gode oppvekstvilkår og å bidra i arbeidet med betre tverrfagleg innsats ([BTI](#)) i kommunen, jamfør [Stortingsmelding 6 og Opplæringslova §13-6](#).

Sunnfjord kulturskule har tatt ei regional rolle for å sikre eit godt fordjupingstilbod til alle born og unge som har behov for det. Delaktige kommunar er Kinn, Askvoll, Hyllestad, Fjaler, Solund, Bremanger, Stryn og Høyanger. I 2023 gir kulturskulen fordjupingstilbod i visuelle kunstoffag og musikk. Det er eksternt finansiert med prosjektmidlar ut 2025.

| Dette gjer vi                                                                                                                         | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                       |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Alle born og unge som ønskjer det kan gå på kulturskulen og nytte undervisningstilboda i musikk, teater og visuell kunst.             | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby fleire gratis lågterskeltilbod</li> <li>• Tilby fleire friplassar til låginntektsfamiliar</li> <li>• Rekruttere tilsette med brei kompetanse</li> </ul> |
| Vaksne kan delta i kulturelle aktivitetar som til dømes skrivekurs, teater, <u>kunst</u> , handverk og dans.                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby kurs for vaksne som er sjølvfinansierte gjennom deltakarbetaling</li> </ul>                                                                             |
| Tilbod om fordjuping for unge som har ein særskilt motivasjon i faget sitt. Det skjer i samarbeid med andre omkringliggande kommunar. | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby fordjupingsundervisning til born og unge innan sitt kunstfag. (Del av Sunnfjord, Nordfjord og Ytre Sogn region sitt fordjupingstilbod)</li> </ul>       |

## Sunnfjord bibliotek


Sunnfjord bibliotek har hovudbibliotek i Førde, kombinasjonsbibliotek med grunnskule på Vassenden, Naustdal, Skei og Sande, i tillegg til bibliotek på Viksdalen. Alle biblioteka er godt besøkte av barnefamiliar og vaksne, og har hovudfokus på leseglede, kunnskap og kultur. Biblioteka hadde 90 806 besøk og eit samla utlån med fornyingar på 113 972 bøker og andre media i 2023. I tillegg driftar biblioteka nynorske barnebibliotek på alle dei seks dagsturhyttene, lesekiost i Førde og bok-i-butikk-tilbod i Bygstad.

Bibliotek er ein viktig demokratisk institusjon i lokalsamfunnet. Samfunnsoppdraget i 2024 er breiare enn tidlegare. Å vere til stades i ei boksamling for at publikum skal få låne og levere inn bøker, er berre ei av oppgåvene.

Biblioteklova seier at biblioteka skal fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, drive aktiv formidling, gi gratis bibliotektenester til alle og legge vekt på kvalitet, manifold og aktualitet. Biblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Biblioteka våre fungerer som sosiale møtestadar for innbyggjarar i alle aldrar. På dagtid er det særleg eldre og studentar som nyttar tenestene.

Biblioteka har fokus på å inkludere nye innbyggjarar og hindre utanforskap ved å tilby gratis tenester, som til dømes å tilby lån av materiale på andre språk, arrangement og aktivitetar. Ved arrangement og aktivitetar har biblioteka fokus på samtale, debatt, berekraft og livsmeistring.

| Dette gjer vi                                                                                                                                            | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Arbeider for å styrke born og unge sine leseferdigheiter i samarbeid med barnehagar, grunnskular og vidaregåande skule.                                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta i nasjonale og regionale leseaksjonar</li> <li>• Lesestunder i barnehagar, skular og i biblioteka</li> <li>• Litteraturformidling til lærarar og foreldre i samarbeid med barnehagar og skular</li> <li>• Samarbeide for å styrke born og unge sine leseferdigheiter</li> </ul> |
| Bidrar til gode liv gjennom samskaping for å fremje leseglede, kunnskap og demokrati og for å motverke digitalt utanforskap.                             | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby arrangement, litteraturformidling, lesestunder og datahjelp i alle biblioteka</li> <li>• Vere ein aktiv debattarena</li> </ul>                                                                                                                                                  |
| Folkeverkstader som stimulerer til deltaking, kreativitet og skaparkraft uavhengig av alder og kompetanse.                                               | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere folkeverkstadar</li> <li>• Aktivt søke midlar og jobbe prosjektbasert for utvikling.</li> <li>• I samarbeid med frivillige og organisasjonar investere i utstyr til folkeverkstader</li> </ul>                                                                               |
| Moderne bibliotek tilrettelagt for alle med gode opningstider, arbeidsplassar, møterom og digitale hjelpemiddel for innbyggjarar, lag og organisasjonar. | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppgradere alle biblioteka til meirope</li> <li>• Legge til rette for arbeidsplassar, møterom og digitalt utstyr til lokalt næringsliv, lag og organisasjonar</li> </ul>                                                                                                              |
| Sikre at biblioteka tilbyr oppdaterte og relevante samlingar, både fysisk og digitalt, tilpassa lokale tilhøve.                                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Biblioteka skal tilby oppdaterte og relevante samlingar, både fysisk og digitalt, tilpassa lokale tilhøve</li> </ul>                                                                                                                                                                  |



## Rom for ord, reisande litteraturhus

Sunnfjord kommune er ein aktiv pådrivar for å satse på nynorsk, ikkje berre i eigen by, men i heile regionen. Som nynorskbrukarar skriv vi eit språk som er mindre brukt i det offentlege rommet. Å sjå og høyre vårt eige skriftspråk er ein demokratisk rett. Det er avgjerande for at vi skal kunne delta i samfunnet til det beste for oss sjølve og samfunnet. Rom for ord blei initiert av Førde kommune gjennom prosjektet «Nynorskbyen Førde» i 2017 og er utvikle gjennom eit treårig forprosjekt med støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norsk kulturråd og Fritt ord.

| Dette gjer vi                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Sunnfjord kommune vil arbeide for å utvikle Rom for ord vidare som distriktsvariant av litteraturhuset i eit treparts-samarbeid mellom kommune, fylke og stat, slik at tiltaket på sikt kan etablerast som ein sjølvstendig organisasjon med nasjonale, regionale og lokale mandat og målsettingar. | <ul style="list-style-type: none"><li>• Lokal oppgåve: Utvikle og styrke bibliotek, institusjonar og kulturaktørar gjennom nye litterære arrangement, debatt og deltaking</li><li>• Regional oppgåve: Utvikle programtypar som sørgjer for eit utvida litterært kulturtilbod i våre distrikt</li><li>• Nasjonal oppgåve: Utvikle og produsere programinnhald som formidlar ny, nynorsk litteratur</li></ul> |

## Idrett og friluftsliv

Eininga idrett og friluftsliv har ansvaret for blant anna utleige av idrettshallane til kommunen, publikumsbading og utleige av symjehallen i Førdehuset. Vi handsamar spelemiddelsøknader, søknader om motorferdsel i utmark og friluftsfond og driftsansvar for større idrettsanlegg ute.

Utleige av idrettshallane i Førdehuset vert organisert av kommunen i sin heilskap. I tillegg har vi seks idrettshallar der utleige vert organisert av kommunen gjennom samarbeid med organisasjonar. Utleige ligg på 53% (2022) og 45% (2023) i snitt av kapasitet og vi nyttar Aktiv-kommune som plattform for utleige av dei fleste idrettshallane. Kommunen er ikkje godt tilpassa behov knytt til allsidig utleige kveld, helg og feriar.

Fleire idretts- og friluftsanlegg er eigd av kommunen og drifta av organisasjonar. Kommunen leiger ut areal til organisasjonar med avtaler om bruk til idrett og friluftsliv. Eigarskap og drift av idretts- og friluftslivsanlegg i kommunen er ulikt løyst i utgangspunktet før samanslåinga til Sunnfjord kommune. Anlegga og behova er ulike og tida etter samanslåing er nytta til å få kartlagt dei ulike eigar- og

diftsmodellane som er nytta. Driftstilskot utover faste avtaler kan søkast gjennom kommunen sine kultur- og idrettsmidlar.

Kartlegging av friluftslivsområde og friluftslivets ferdselsårer er utført og vert nytta som kunnskapsgrunnlag. Vi har fire dagsturhytter og den femte er under planlegging Vi har fem statleg sikra friluftslivsområde. Sanden i Naustdal, Russeneset og Hestad er sikra som bade- og friluftslivområde. Parkeringsplassane ved Langeland skisenter og lysløypa i Dvergsdalsdalen er statleg sikra som friluftslivområde. Flugestøylen er planlagt statleg sikra, og er under arbeid. I tillegg driftar kommunen ti toppturparkeringar.

For born og unge er idrett og friluftsliv ein viktig arena for aktivitet og meistring. Her får dei gode vanar og ferdigheiter for framtida. Vi har mange omgjevnader som gjer at alle har gode moglegheiter for å vere fysisk aktive på alle nivå, men ikkje alle stadar i kommune er like godt tilrettelagt. Samstundes veit vi at mange born og unge ikkje deltek i organisert aktivitet.





## Spor i oss

Vi sette spor i landskapet og gjorde  
landet mellom elvane til vårt eige.  
Slik sette steinen, jorda og vatnet  
spor i oss.

Sette spor, skapte rørsle.  
Ein streng bivra, ein tone svakt  
over leppene.

Ei form fann linja si over eit lerret.  
Ein tråd fann fargen sin i eit kar.

Handa i nakken din  
Armen kring aksla di

Ei tid for å danse  
Ei tid for å sanse

Fanst for oss

Janne Karin Støylen

## Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø utgjer viktige ressursar og verdier i samfunnet. Dei finst i våre fysiske omgjevnader og i form av munnlege tradisjonar, til dømes innan musikk og dans, kunsthandverk og husflid. Dei er synlege spor etter menneska sitt liv og virke. Kulturminna er ein del av vår felles arv. Mange av kulturminna er einaste kjeldematerialet til både den nære og meir fjerne kulturhistoria sidan skriftlege kjelder kan vere sparsame. I fleire tilfelle har dei uerstattelege opplysningar om materialbruk og handverksteknikkar.

### Klargjering av omgrep

**Kulturminne:** Alle spor etter menneskeleg aktivitet i det fysiske miljøet vårt, inkludert lokalitetar det knyter seg tru, tradisjonar og historiske hendingar til.

**Automatisk freda kulturminne:** Kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

**Faste kulturminne:** Kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

**Lause kulturminne:** Kulturminne som kan flyttast.

**Immaterielle kulturminne:** Praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Dei er knytte til det vi ikkje kan ta på ved eit

kulturminne, til dømes folkemusikk og folkedans, tru, tradisjonar, segner og hendingar.

**SEFRAK:** Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av Sekretariatet for registrering av faste kulturminne (SEFRAK) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer som er bygde etter 1850 er òg listeførte.

Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.

Samla [kulturmiljøplan for Sunnfjord](#) kommune vart vedteken i Sunnfjord kommunestyre i 2023. Planen vart utvikla med mål om å bidra til å skape felles identitet og samkjensle mellom innbyggjarane. «Landet mellom elvane – kulturmiljøplan for Sunnfjord kommune 2023-2030» har eit gjennomarbeidd og tiltalende uttrykk i tekst og formgjeving og er ei god kjelde til formidling.

Alle grunnskulane i Sunnfjord har fått utdelt classesett av planen og det vert arbeidd med pedagogiske opplegg i tilknytning til dei ulike delane.

Arbeidet med nokre av tiltaka prioritert i handlingsplanen er starta opp. Handlingsplanen har teke utgangspunkt i kulturminneplanar frå dei gamle kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal. Desse kulturminneplanane ligg òg tilgjengelege på Sunnfjord kommune si nettside.

I samband med kommuneplanen sin arealdel har fylkeskommunen si avdeling for kulturarv meldt tilbake at dette kunnskapsgrunnlaget likevel ikkje i tilstrekkeleg grad har kartlagt og prioritert kulturmiljøet i heile Sunnfjord kommune. Det bør gjennomførast eit registrerings- og analysearbeid for å få ei oversikt, og for å kunne prioritere, slik at ein får eit grunnlag for å legge omsynssone kulturmiljø i plankartet slik fylket oppmodar om.

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) har sikra vedtaksfreda kulturminne gjennom omsynssone H730. Desse objekta er med ulike heimlar freda etter kulturminnelova. KPA har òg lista opp viktige kulturmiljø som vert beskytta gjennom plan- og bygningslova. Det er spesielt viktig med prioriterte kulturmiljø for å sikre kulturarv i område med stort utbyggingspress.

I fråsegn andre gongs høyring av KPA meiner Vestland fylkeskommune at det er mange fleire kulturmiljø som burde fått eit vern gjennom plan og bygningslova, med omsynssone H570 i arealdelen. Dette gjeld særskilde bygningar som er omfatta av kulturminnelova § 25 - bygg som er frå før 1850, og som ligg i eit heilskapleg miljø. Det gjeld òg for bygg med ein viktig arkitektonisk, kulturhistorisk og identitetsskapande verdi for lokalsamfunnet. Det at eit bygningsmiljø ligg innafor ei definert omsynssone for bevaring av kulturmiljø, er ein indikator på den kulturhistoriske verdien. Oversikt over kulturminnevern, bandlegging og vedtaksfreding er vedlegg til kommuneplanen sin arealdel.



Nøysomhet/Ulltanghuset, eitt av dei eldste husa i Førde sentrum. Eigd av stiftinga Nøysomhet Førde (foto Anita Nordheim).

For eigarar av kulturminne er det viktig å kunne vise til omsynssone for bevaring av kulturmiljø når ein søker om tilskot gjennom andre tilskotsordningar, som til dømes Kulturminnefondet.

## Dette gjer vi

Auke kunnskapen om og identitetskjenninga i høve kulturminneverdiane blant innbyggjarane. Ta vare på, sikre og synleggjere viktige kulturminne og kulturmiljø.

Kulturminne og kulturarv er ressurs i samfunnsutviklinga og kulturminne vert tekne omsyn til i arealplanlegginga i kommunen.

Kunnskap om lokale kulturminne/kulturmiljø er integrert del av opplæringa i skuleverket og på Norsksenteret.

Oppdatert informasjon om kulturarven og kulturminne/kulturmiljø er lett tilgjengeleg for alle.

Kunst i kommunalt eige skal aktivt formidlast i offentlege bygg og utomhus.

## Slik gjer vi det

- Implementere kulturmiljøplanen «*Landet mellom elvane 2023-2030*»
- Oppfølging av gjeldande kulturmiljø med eit registreringsarbeid knytt til kulturmiljø og kulturminne
- Styrke kulturminnevernet ved auka kunnskap og kompetanse
- Etablere kulturminneløyper i Gaular, på Ålhus, i Vevring og i Naustdal
- Kulturminnekunnskap er eit læringsmål i grunnskulen
- Opprette lokal tilskotsordning for stell og vedlikehald av kulturminne som frivillige kan søke på
- Aktiv formidling av kulturmiljø i Sunnfjord kommune

## Andre større kulturinstitusjonar i Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune er vertskap for ei rekke kulturinstitusjonar, nokre av dei med nasjonal og internasjonal gjennomslagskraft. Sunnfjord kommune er òg den største vertskommunen i Vestland utanfor Bergen når det gjeld museum, med fire museumsavdelingar innanfor kommunen sine grenser. Dette er viktige aktørar som er vesentlege for Sunnfjord som kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet. Sunnfjord kommune yter årlege driftstilskot til desse institusjonane, og er representert i dei styrande organa deira.

Nynorskhuset, som stod ferdig i 2023, er eit nasjonalt kraftsenter for norsk språk og kultur. Huset ligg i Førde sentrum. Det huser Teater Vestland, NRK Vestland (avdeling Sogn og Fjordane), Mediehuset Firda, Nynorsk Mediesenter og Nynorsk Avissenter.

Teater Vestland er eit regionteater med turnéverksemd i Vestland fylke. Teateret vart etablert i 1977 med namnet Sogn og Fjordane Teater. Frå 2020 endra teateret namn til Teater Vestland i samband med ny regionreform. Teater Vestland er ein del av det nasjonale, kulturpolitiske målet om at alle i Noreg skal ha tilgang til scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet. Teateret nyttar nynorsk språk og vestnorsk som scenespråk, og var det andre nynorskteateret som vart etablert i Noreg. Teater Vestland er både eit produserande teater og eit turnéteater.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er ein høgt profilert og anerkjent kulturaktør både nasjonalt og internasjonalt. Den er den største festivalen for folkemusikk og verdsmusikk i Skandinavia, og

fekk i 2019 heideren EFFE AWARD 2019-2021, då European Festival Association kåra Førdefestivalen til ein av dei fem beste festivalane i Europa uansett sjanger. Førdefestivalen tilbyr kvart år i juli eit variert program med konsertar, kurs, utstillingar, barneaktivitetar og turar. Festivalen står òg bak den årlege Førdekonferansen. Programmet omfattar om lag 250 artistar frå heile verda på 30 scener og har om lag 26 000 besøkande kvart år.

Festivalen har òg heilårsverksemd med konsertar, og har fast administrasjon lokalisert i Førdehuset, som òg er hovudarena for festivalen. HKH Kronprinsesse Mette-Marit er festivalen sin høge beskyttar.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) utgjer eit fellesskap av tolv ulike museumsarenaer i Sogn og Fjordane. Oppgåva er å dokumentere, forske og formidle natur, kulturarv og kunst i Sogn og Fjordane. Musea er tydelege i kulturbiletet, og i Sunnfjord ligg fire museum i dette nettverket.



## **Sunnfjord Museum**

Sunnfjord Museum er eit kulturhistorisk museum med samlingar og utstillingar som speglar dagleglivet i dei indre sunnfjordbygdene, frå tidleg nytid og fram til i dag. Museet er lokalisert i idylliske Movika ved Movatnet

## **Sogn og Fjordane kunstmuseum**

Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) er den viktigaste forvaltaren og formidlaren av kunsthistorie og samtidskunst i regionen Sogn og Fjordane.

## **Astruptunet**

Den naturskjønne heimen til kunstnarparet Nikolai og Engel Astrup ligg idyllisk til på Sandalstrand ved Jølstravatnet. I dag forvaltar kunstnarheimen den unike samlinga av Astrup-paret sine trykkplater, i lag med fleire kunstverk av både Nikolai og Engel. Nikolai Astrup er ein av dei mest kjende kunstnarane i Noreg. Bileta hans har i 2016 og 2021/22 vore utstilte i England, Tyskland, USA og Sverige. Nikolai Astrup var òg svært interessert i hage- og gardsbruk, og anla ein frodig hage på Sandalsstrand med mange nyttevekstar. I perioden 2020-2024 har det føregått eit stort restaureringsprosjekt av hus og hage i tunet, finansiert av Sparebankstiftelsen DnB og Sunnfjord kommune. Det er planlagt eit visningssenter nær tunet.

## **Eikaasgalleriet**

Eikaasgalleriet er lokalisert på Ålhus ved Jølstravatnet nær E39. Det presenterer kunst av den nyskapande kunstnaren Ludvig Eikaas og andre kunstnarar. Tidleg på 1990-talet donerte Ludvig Eikaas hundre verk til Jølster kommune. Det gamle meieriet på Ålhus vart bygd om

til eit moderne kunstgalleri for å huse denne kunstsamlinga. Seinare er det kome fleire hundre verk til i samlinga. Jølstringen Ludvig Eikaas vert rekna som ein av dei mest markante norske biletkunstnarane i etterkrigstida. Han var ein pionèr innanfor modernismen i Noreg frå slutten av 1940-talet.

## **Luftkampmuséet**

Luftkampmuséet på Håjen i Naustdal er eit privat museum som presenterer utstilling og informasjon til minne om “Den svarte fredagen”. Den svarte fredagen viser til luftslaget mellom tyske og allierte fly over Sunnfjord 9. februar 1945. Oppdraget var å senke ein tysk destroyer som låg i Førdefjorden. I utstillinga kan du sjå gjenstandar frå flyvrak utstilt inne og ute, og ein dokumentarfilm laga av NRK Sogn og Fjordane. Sunnfjord kommune yter eit mindre årleg driftstilskot til muséet.

## **Kyrkjene i Sunnfjord**

Kyrkjene i Sunnfjord er dei eldste og mest historiske bygga som framleis er i dagleg bruk. Sunnfjord kyrkjelege fellesråd forvaltar store materielle verdiar med til saman ti kyrkjer og 14 kyrkjegardar. Den kyrkjelege kulturarven skriv seg frå mellomalderen i Naustdal til vår eiga tid på Vassenden. Vi har kyrkjer som er bygd på stavkyrkjemurar i Ålhus og kyrkjer som er rike på barokk kyrkjekunst i Førde.

Kyrkjene er kulturminne og tidsvitne, men representerer òg immaterielle verdiar som frivilligheit og inkludering. Alle kyrkjene er i dagleg bruk og det frivillige arbeidslivet er aktivt. Kyrkja sitt samfunnsoppdrag er å vere folkekyrkje. Ho skal er ein samlingsstad både til kvardags og i høgtid, for alle aldersgrupper til alle tider, og

ho ønskjer å legge til rette for inkluderande fellesskap og sosiale lågterskel møteplassar for alle.

## Kunstnarmiljøet i Sunnfjord

Det er eit rikt kunstnarmiljø i regionen. I boka Historia om Førde (Urdal, 2023) bind 2 kan du lese meir om dette. Vi har valt å trekke fram noko av den visuelle kunsten.

Visuell kunst er ein viktig faktor for samfunnet og for einskildmennesket. Kunst kan gje oss nye inntrykk, kjensler, tankar og opplevingar. Kunst kan vere med på å forme framtida, og oss sjølv, om vi let den få innpass og rom. Kunst kan òg vere med på å forme og bidra til opplevingar i bygningar, byrom og tettstadar. Kunstnarmiljøet i Sunnfjord kommune er rikt. Vi har fostra fleire markante kunstnarar som Nikolai Astrup, Ludvig Eikaas, Gunnar S. Gundersen, Kjartan Slettemark og Oddvar Torsheim.

På side 210 i boka Historia om Førde, bind 2 skriv Fritjof Urdal:

*«Siste halvhundre år vaks det fram eit miljø av kvinnelege kunstnarar. Dei har gjort seg sterkt gjeldande og har vore drivfjora i det lokale kunstmiljøet. Det har gjort seg sjølv og andre større. Av desse kan nemnast Agnes Bjørbæk, Merete Hol Tefre, Audgunn Naustdal Holsen, Inghild Sleire, Astrid Wittersø, Gunnilla Åkeson, Aud Hanna Indrebø og Margrete Igland.*

*I denne krinsen er det rett å take med dei som bur og budde i grannekommunane, slik som Astrid Myklebust, Elsa Eikås Bjerck, Karen Helga Maurstig, Grethe Huus, May Elin Eikås Bjerck, Aud Hestenes, og Sara og Marit Thingnes. Dei visste å gjere seg synlege*

*på eit vis ein ikkje før hadde sett, dei fekk andre med seg i samarbeid om prosjekt, og lét høyre frå seg på så mange vis»* (Urdal, 2023).

Sunnfjord kommune eig ei mengd kunstverk, både innandørs og utandørs. Mange av kunstverka er særst verdifulle. Vi har i dag ikkje ei samla oversikt over kunst i kommunalt eige. Andre aktørar er òg viktige i høve det visuelle kunstfeltet, og formidling av kunst og kunstnarar frå regionen vår. Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Astruptunet og Eikaasgalleriet er nemnde tidlegare. Sogn og Fjordane kunstnarsenter er frå 2023 reetablert i eigne lokale i Førde sentrum. Sunnfjord kunstlag viser jamleg kunstutstillingar, primært i Førdehuset. Den årlege Vevringutstillinga er kjend både nasjonalt og internasjonalt.



## Kulturelt tyngdepunkt mot 2030

| Dette gjer vi                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kommunen har ei avgjerande rolle som kulturell motor for regionen, fylket og Vestlandet. Dette blir enno viktigare i framtida, og set nye krav til Sunnfjord kommune som vertskap. Velvilje er viktig i starten av ulike prosjekt. Ei satsing på kultur- og næringsprosjekt vil vere med på å utvikle regionen, og å auke bidrag og engasjement frå ulike aktørar. | <ul style="list-style-type: none"><li>• Samskape med næringsliv, profesjonelle og frivillige aktørar</li><li>• Bidra til større arrangement og utvikle arrangementskompetanse</li><li>• Bidra til eit ope, fleksibelt og inkluderande samarbeid</li><li>• Ha tett partnerskap med kommunar, fylke og stat.</li><li>• Vere pådrivar for regionale kulturtilbod</li></ul> |
| Vi yter faste driftstilskot og utviklingsmidlar som sikrar drift og vidareutvikling av kulturinstitusjonane og andre store kultur- og idrettsaktørar i kommunen.                                                                                                                                                                                                   | <ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunen er ein aktiv medspelar, samarbeidspart og bidragsytar for institusjonane og andre kultur- og idrettsaktørar i kommunen</li></ul>                                                                                                                                                                                       |

### Andre arenaer og kulturaktørar

Vi har i tillegg ei rekke aktørar innan kultur, idrett og friluftsliv i Sunnfjord både via private initiativ og aktørar med støtte frå stat og kommune. Vi nemner til dømes

- Danseverkstaden i Førde
- Bornas verdsdag
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
- Håslåttfestivalen
- Jølster Aurefest
- Jølster Maraton
- Trøkk n'truck
- Larris Scene og Sunnfjordsalen
- Førde klatresenter
- Sunnfjordparken
- Sanden Søndag
- Sunnfjord Triatlon
- Gaularmarknaden

Sunnfjord er òg ein attraktiv arena for større ambulerande regionale og nasjonale arrangement, som til dømes

- Landskyttarstemnet
- Landskappleiken
- Landsfestivalen i gammaldansmusikk
- Fjordhest-NM
- 4H-leirar
- Songarstemne
- Ulike idrettscupar og -stemne

Det blir no planlagt for VM i vektløfting i Sunnfjord og Førde i 2025.

## Viktige anlegg innan idrett og friluftsliv

Sunnfjord kommune har mange flotte anlegg for idrett og friluftsliv. Spesielt to anlegg skil seg ut, og er nemnde som nasjonale forbildeanlegg på godeidrettsanlegg.no. Det er Hafstadparken og Langeland ski- og fritidspark. I tillegg er Førdehuset òg nemnt som forbildeanlegg for måten fleirbruksanlegget er tilrettelagt for bogeskyting.

Hafstadparken er eit park- og idrettsanlegg som vart opna våren 2015. Anlegget består av blant anna kunstgrasbaner, skate-anlegg, sykkelbane, sandvolleyballbaner, tennisbaner, trimpark, «Møteplassen» med baner for handball, basket, bandy, badminton, og parkanlegg med opplyste stiar og parkering.

Langeland ski- og fritidspark ligg ti kilometer frå Førde i retning Sande. Anlegget er universelt utforma, noko som gjer at det enklare kan nyttast av rørslehemma, eldre, og andre som har vanskar med å kome seg ut i naturen. Skisenteret fungerer som eit regionanlegg for Sunnfjord, med besøkande frå heile regionen. Anlegget inneheld rulleskiløype med gruslagt vegskulder for sykling, lysløyper, anlegg med gapahuk, stadionhus og gode høve for parkering. Standplass for skiskyting er under arbeid.

Andre større viktige skiarenaer er Jølster skisenter og Blomlia skisenter. Jølster skisenter har to varmestover med kiosk, snøproduksjonsanlegg, fire skiheiser som gir tilgang til alpine skiløyper som passar alle og langrennsløyper rundt. Samla lengde preparerte løyper er om lag 4000 meter. Blomlia skisenter har varmestove med kiosk og to skiheisar som gir tilgang til ulike graderte løyper for alle.

| Dette gjer vi                                                                                                                                          | Slik gjer vi det                                                                                                                                    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Hafstadparken er ein mykje brukt aktivitetspark for alle. Drifta er sikra slik at anlegget er i god stand og har kontinuerleg utvikling i aktivitetar. | <ul style="list-style-type: none"><li>• Revidere reguleringsplanen og oppdatere illustrasjonsplan</li><li>• Samarbeide med organisasjonar</li></ul> |
| Idrettsanlegget på Langeland er velfungerande for skiskyting og andre skianlegg vert utvikla med tilrettelegging for variert aktivitet.                | <ul style="list-style-type: none"><li>• Støtte idretten i drift og utvikling</li></ul>                                                              |
| God drift slik at alle anlegga er i god stand og innbyr til aktivitet. Mykje brukt av alle som ønskjer det.                                            | <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppdatere og fornye driftsavtaler</li><li>• Sikre driftsavtaler der det ikkje er på plass</li></ul>         |
| Betre tilpassa fleirbruk av eksisterande anlegg.                                                                                                       | <ul style="list-style-type: none"><li>• Sjå på moglegheiter ved eksisterande anlegg ved ønske om nye aktivitetar</li></ul>                          |



Borte på anleggsområdet har ein beltemaskin stått urørleg i heile dag.

Idrettsanlegget er snart ferdig.

Til våren skal vi begynne å finne ut om det er noen som er raske nok til å komme først i mål.

**Eldrid Lunden**

## Forankring nasjonalt, regionalt og lokalt

### Nasjonalt utgangspunkt :

- Folkehelsemeldinga 2023, Regjeringa sin samla innsats for å fremje betre folkehelse og god livskvalitet i befolkninga
- Rom for deltakelse - regjeringens kulturfrivillighetsstrategi 2023–2025: Regjeringa sin strategi for frivilligheita
- Inkludering av born og unge i utdanning, arbeid og samfunnsliv: Regjeringa viser det målretta samfunnsoppdraget vi har for å motverke utanforskap
- Handlingsplan for deltaking: Alle born og unge skal få vere med på kultur- og idrettsaktivitetar. Regjeringa vil stoppe dei aukande skilnadene og skal lage ein handlingsplan for deltaking i fritidsaktivitetar for born og unge. Ferdig hausten 2024. Det er viktig å arbeide for sosial utjamning og sosial mobilitet.

### Regionalt utgangspunkt:

- Plan for kultur Vestland fylkeskommune
- Handlingsplan til kultur for Vestland fylkeskommune
- Folkehelseoversikt for Vestland

### Lokalt utgangspunkt:

- [Kommunal planstrategi](#)
- [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#) og [arealdel](#)
- [Rammeplan for kulturskulen](#)
- [Strategiplan for Førdehuset](#)

- [Leve heile livet - plan for omsorg 65+](#)
- [Førebyggjande plan barn og unge](#)
- [Kulturmiljøplanen for Sunnfjord kommune](#)

## Planarbeid

Det er første gong Sunnfjord kommune utarbeider plan for kultur, frivillighet og inkludering. Planen må sjåast i samanheng med:

- Kulturmiljøplan for Sunnfjord kommune, som er bygd på kulturminneplanar for Førde, Gaular, Jølster og Naustdal
- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er integrert som vedlegg til denne planen
- Førebyggjande plan barn og unge
- Leve heile livet i Sunnfjord – plan for omsorg 65+

I samsvar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, skal FN sine berekraftsmål ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga i kommunesektoren.

For å skape ei berekraftig utvikling må vi finne løysingar lokalt. Slik legg vi til rette for god helse og livskvalitet og reduserer ulikskap. Eit sterkt kunst-, kultur-, idretts- og frivilligliv er ein vesentleg faktor i eit berekraftig samfunn.

I arbeid med kulturfrivillighet for å nå berekraftsmåla er det eit viktig prinsipp at alle blir inkluderte.

**Planen har utgangspunkt i fem berekraftsmål:**

- God helse og livskvalitet
- God utdanning
- Mindre ulikskap
- Berekraftige byar og lokalsamfunn
- Samarbeid for å nå måla

## Planprosess

Planen er vedtatt i planstrategien for 2020-2023. I tråd med Sunnfjord sitt mål om samskaping har prosjektgruppa vore tverrfagleg. Prosjekteigar er kommunalsjef for kultur og idrett, og rådgjevar for folkehelse og plan har vore prosjektleiar.

Prosjektgruppa var samansett av representantar frå kultur og Idrett, friskliv- og frivillighetssenter og vaksenopplæring og integrering. I arbeidet har vi motteke over 40 skriftlege innspel og 20 høyringssvar. I vedlegget til planen vil de sjå alle innlegga med kommentar. Vi har hatt ope folkemøte og digital portal på nettsida til kommunen. Alle innspela er vurdert og handsama i prosessen, og fleire er tatt med i planen. Prosjekteigar takkar for godt engasjement!

## Plangrunnlag


I § 1 i Kulturlova står det følgjande om ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten: «Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i **kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.**»

## Nokre viktige lover som er styrande for fagfelta i planen:

- LOV -2011-06-24-29 [Lov om folkehelse](#)
- LOV - 2007-06-29 nr 89: [Kulturlova](#)
- LOV - 2008-06-27 nr 71: [Plan- og bygningsloven](#)
- LOV – 1978-06-09-50 [Lov om kulturminne](#)
- LOV 2020- 11-06-127 [Integreringslova](#)
- LOV-1985-12-20-108 [Lov om folkebibliotek](#)
- LOV-1998-07-17-61 [Opplæringslova](#). ( § 13 – 6 kulturskulen si forankring)

## Økonomiske rammer og KOSTRA

Sunnfjord kommune ligg generelt på gjennomsnittet samanlikna med KOSTRA gruppe 9. Sunnfjord kommune skal vere eit inkluderande kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet og bør ta eit ansvar for regionens kunst og kulturliv. Det har vore ein nedgang i kor stor del av driftsbudsjettet som går til kulturtilbod i Sunnfjord kommune.



Denne [grafikken](#) viser kommunen sine sentrale inntekter og korleis desse går til å dekke drifta av tenesteområda, renter og avdrag, fondsavsettingar og overføringar til investeringsrekneskapen. Merk at tenestene òg har egne inntekter (eigenbetalingar, gebyr med meir) som finansierar større eller mindre delar av drifta. Desse inntektene kjem ikkje fram i denne oversikta, men under det enkelte tenesteområdet.

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



4 GOD UTDANNING



10 MINDRE ULIKSKAP



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



# Kjelder

## Bibliografi

- Falkeid, Kolbein
- Fure, Ingeborg Sol (2020). Dråpar av sol, Selja forlag.
- Lunden, Eldrid (2005). Flokken og skuggen, Aschehoug.
- Støylen, Janna Karin (u.d.). Spor.
- Historia om Førde, bind 2. Førde : Selja forlag.

## Illustrasjonar

- Gregory Idehen

## Foto

- Side 2 – Solfrid Trå, Heidi Hattestein, David Zadig
- Side 6 – Alf Vidar Snæland

- Side 12 – David Zadig
- Side 18 – David Zadig
- Side 21 - David Zadig
- Side 22 – Anita Høllige, Henri G. Eftevand, Solfrid Trå
- Side 28 - Laila Ommedal, Solfrid Trå
- Side 29 – David Zadig
- Side 32 - Anita Nordheim
- Side 34 - Førdefestivalen
- Side 39 - Oskar Andersen
- Side 36 - Oskar Andersen, Wingsternes
- Side 39 - Oskar Andersen
- **Infografikk**

- Side 41 – berekraftsmål
- Side 41 – Framsikt



Sunnfjord  
kommune